



Gundersen Sven
Postboks 6134
5892 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8917 - 22/91977

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 357/8 Sætre

Tiltak: oppføring av våningshus
Byggjestad: Gbnr: 357/8
Tiltakshavar: Ørjan Tveit
Ansvarleg søkjar: Gundersen Sven

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.11.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Bruksareal på bustad er 523 m2. Det er i strid med føresegn 1.6.14 i kommunedelplanen for Meland og krev dispensasjon frå føresegn. Vi vil tilrå reduksjon av storleika.
2. Søknad i eitt-trinn skal innehalde alle opplysningar, men kommune kan ikkje sjå at det er sendt søknad om tilkopling av nybygg til kommunalt vatn til samferdsel-, veg-, vatn og avlaupsavdelinga her.
3. Gjennomføringsplan manglar PRO for miljøsanering og oppmålingsteknisk prosjektering og UTF for riving og innmåling/utstikking.
4. Det ligg føre avfallsplan for riving estimert av tiltakshavar. Avfallsplan krevjast for både riving og nybygg på over 300 m2 og den skal lagast av fagkyndig føretak som tar på seg ansvarsrett for miljøsanering.
5. Situasjonsplan er ikkje i målestokk.
6. VA-situasjonsplan viser ikkje nybygg med VA-leidningar fram til bustad. Det viser ingen minireinseanlegg til bustad, kun reinseanlegg til driftsbygg.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan 04.01.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ørjan Tveit

Elsters Gate 3

5059

BERGEN

Mottakarar:

Gundersen Sven

Postboks 6134

5892

BERGEN